

Saksbehandlar: Lene Hayden Taraldsen, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 16/3137-1

## **Innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (EGF) for minoritetsspråklege elevar**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behov. Det må være minst 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtalar med kommunane om å setje i gang eksamensretta grunnskulefag som innføringstilbod.
3. Tilboda er for 2016 føresett finansierte innanfor den økonomiske ramma for teneste 5620 Tilpassa opplæring.

Eventuelt behov for auka økonomiske rammer i økonomiplanperioden må handsamast i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. HO-sak 6/14 Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar
2. FU-sak 82/03 oppretting av ekstraordinære klassar – VKII Alternativ til opplæring i bedrift og innføringsklase for framandspråklege elevar

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen har innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar ved Sogndal, Mo og Øyrane og Eid vidaregåande skular. I hovudutvalet for opplæring 25.03.14 vart det i sak 6/14 «Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar» gjort slikt vedtak:

1. *Fylkesdirektøren får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgruppene for minoritetsspråklege ved Sogndal vidaregåande skule, Øyrane vidaregåande skule og Eid vidaregåande skule. Det må vere minimum 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.*
2. *Ved søknad til vg1 skuleåret etter vil søkjarar med ungdomsrett frå innføringsgruppene ikkje få reservert plass.*
3. *Innføringsgruppene skal bruke læreplanane i fellesfaga frå vg1 yrkesfag.*
4. *Innføringsgruppene vert rekna som år 0 og gir difor ikkje rettar etter opplæringslova.*

5. *Søkjarane må ha karakter frå grunnskule eller dokumentere fagleg nivå med karakterar ved søking til innføringsgruppene*
6. *Tilbodet er føresett finansiering innanfor den økonomiske ramma for tenesta 5600 Tilpassa opplæring.*

I tillegg har fylkeskommunen, i samarbeid med Flora kommune, eitt tilbod om eksamensretta grunnskulefag (EGF). Dette tilbodet vart oppretta etter sak i fylkesutvalet 30.09.03, FU-sak 82/03.

Grunna auken i tal flyktningar og asylsøklarar i Sogn og Fjordane har fylkesdirektøren for opplæring blitt kontakta av fleire kommunar med spørsmål om opplæringstilbod for unge i alderen 16-20 år som nett er komne til Noreg. I brev til kommunane 18.12.15 informerte fylkesdirektøren om fylkeskommunen og kommunane sitt ansvar for opplæring til målgruppa, og ønskte å kome i dialog med kommunane om korleis vi i fellesskap kan tilby gode tenester for å sikre mindreårige asylsøklarar og flyktningar ei god opplæring og god integrering.

Fleire prosjekt, til dømes ved [Flora vidaregåande skule/Flora kommune](#) og ved [Thor Heyerdal vidaregåande skule/Larvik kommune](#) i Vestfold, viser at fleksible ordningar der kommune og fylkeskommune samarbeider, aukar sannsynet for at elevane gjennomfører vidaregåande opplæring.

For elevar i alderen 16-20 år, som har fått norskopplæring i kommunen, kan innføringstilbod vere eit godt alternativ til vidaregåande opplæring. Innføringstilboda skal i tillegg til allmenn kunnskap gje elevane opplæring i norsk, slik at dei får eit betre grunnlag for vidaregåande opplæring.

Med bakgrunn i eigne erfaringar og tilgjengeleg forskning inviterte fylkesdirektøren, i brevet til kommunane 18.12.15, til samarbeid etter ein modell som i korte trekk ser slik ut:

Nivå 1: Norskopplæring i kommunen for nyankomne flyktningar og asylsøklarar  
Tilbod om norskopplæring, uavhengig av om ein har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje etter opplæringslova §3-1. Dette bør vere tilbod med fortløpande opptak, slik at retten til opplæring innan tre månader vert oppfylt.

Ansvar for dei aller fleste ungdomane i dette tilbodet vil liggje til kommunane.

Nivå 2: Eksamensretta grunnskulefag (EGF)  
Dette er tenkt som eit tilbod til ungdomar i aldersgruppa 16-20 år, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje etter opplæringslova §3-1, med unntak av dei som har fullført vidaregåande opplæring i heimlandet.

Elevane skal få undervisning i fem fag etter læreplanane for grunnskulen. Elevene tek grunnskuleeksamen, og får rett til inntak til vidaregåande opplæring med karakterpoeng.

Fylkeskommunen ønskte her ein dialog med kommunane om korleis eit slikt tilbod kan organiserast, og kva finansiering som kan liggje til grunn for eit slikt tilbod.

For å sikre naudsynt fleksibilitet og handlingsrom i arbeidet med å gje opplæringstilbod til målgruppa nemnt over, ber fylkesdirektøren i denne saka om at fylkesrådmannen får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar og til å inngå samarbeidsavtalar med kommunane om å setje i gang eksamensretta grunnskulefag i samsvar med stipulert behov.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **Rett til opplæring**

Etter opplæringslova §3-1 har flyktningar og asylsøklarar rett til opplæring frå det tidspunktet der det er sannsynleg at barnet/den unge skal opphalde seg i Noreg i lengre tid enn tre månader. I opplæringslova §3-1 siste ledd står det:

*«Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Ungdom som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.»*

Kommunane har kartleggings- og informasjonsplikt for mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar som nettopp er komne til landet. Dette informasjonsarbeidet kan vere krevjande.

Ungdom som har rett til inntak til vidaregåande opplæring har rett til inntak på eitt av tre søkte utdanningsprogram. Fordelinga av søkjarar i inntaket skjer etter karakterpoeng. Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring til utdanningsprogram på vg1, etter forskrift til opplæringslova §6-13 er at søkjaren:

- a) *Er skriven ut av grunnskulen etter opplæringslova §2-1 fjerde ledd*
- b) *Har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst 9 år.*
- c) *Har tilsvarande realkompetanse som fullført norsk grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova §4A-1 og denne forskrifta§4-33.*

Alternativet for desse elevane kan vere inntak til eit innføringstilbod. Innføringsgruppene og EGF-grupper vert rekna som år 0 i vidaregåande opplæring. Dette betyr at elevane ikkje nyttar seg av opplæringsretten. Dei har heller ingen rettar etter opplæringslova, noko som igjen betyr at elevane ikkje har rettar til spesialundervisning etter §5.1 i opplæringslova. Opplæring på innføringstilboda skal vere tilpassa elevane sine behov.

Søkjarane til innføringstilboda må vere mellom 16-20 år. I opplæringslova §3-1, tredje ledd står det: *« Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år ...»*

For at ungdommen skal ha tid til å gjennomføre før dei fyller 24 år, må dei seinast starte vidaregåande opplæring det året dei fyller 20 år.

Når det gjeld søkjarar i aldersgruppa 21-24 år er det i Meld. St. 16 (2015-2016) *«Fra utenforskap til ny sjanse»* er det omtala at vaksenretten til vidaregåande opplæring skal utvidast til å gjelde denne aldersgruppa. Stortingsmeldinga er ikkje politisk handsama og fylkesdirektøren vil kome attende med eventuelle konsekvensar etter handsaminga i Stortinget.

### **Innføringstilbod**

Det er knytt mykje usikkerheit til tal flyktningar og kva dokumentasjon dei har frå heimlandet. Erfaringane frå Flora viser stor variasjon frå år til år kor mange kommunen og fylkeskommunen har hatt ansvar for. Over tid har fordelinga vore tilnærma lik. Fylkeskommunen og kommunen bør av den grunn bidra like mykje i finansieringa av EGF-gruppene. Når ein har fått erfaring med tilboda vil ein måtte vurdere om fordelingsnøkkelen mellom kommune og fylkeskommune er rett.

For å starte opp EGF-grupper må det være inngått ein formell avtale med den enkelte kommune. Fylkeskommunen er avhengig av samarbeid med kommunane for å få til den skisserte modellen. Innføringsgruppene vert heilt og fullt styrt av fylkeskommunen.

Fylkesdirektøren for opplæring har til no vore i dialog med Førde, Eid og Flora kommunar om samarbeid for skuleåret 2016-2017. For skuleåret 2016 er det ønskje om følgjande tilbod:

- Innføringsgruppe på Sogndal vidaregåande skule
- EGF-grupper på Flora, Eid og Mo og Øyrane vidaregåande skular.

I dag er det eit krav om 5 elevar før ein set i gang tilbod om innføringsgruppe. Innføringstilboda er ein sosial arena for elevane. Ein del av norskopplæringa er å kunne samhandle med dei andre elevane med eit felles språk. Ved få søkjarar forsvinn dette høvet til samhandling.

Fylkesdirektøren ønskjer difor å setje ei nedre grense på 5 søkjarar for begge typane innføringstilbod.

#### Innføringsgruppene:

Søkjarane til innføringsgruppene må dokumentere minimum 9 års grunnskule frå heimlandet eller dokumentere fagleg nivå med karakterar for å bli vurdert. Ved inntak til innføringsgruppene er det søkjarar med ungdomsrett som har rett til inntak. I mange tilfelle er dokumentasjon på gjennomført skulegang forsvunne, og det har vore vanskeleg for søkjarane å dokumentere.

Dette er fordi mange av søkjarane kjem frå land med krig og konflikhtar. Ansvar for å dokumentere tidlegare utdanning er omtala i forskrift til opplæringslova §6-13. I mange tilfelle vil det bety at kommunane har eit stort ansvar for å vurdere om søkjaren har tilsvarende realkompetanse som fullført norsk grunnskuleopplæring.

Elevane i innføringsgruppene får tilbod om opplæring i fellesfaga frå yrkesfag. Dette gjeld engelsk (3 t/v), norsk (2 t/v), matematikk (3 t/v), kroppsøving (2t/v), naturfag (2 t/v) og samfunnsfag (3 t/v).

Elevane i innføringsgruppene har særskilte ulik bakgrunn og store forskjellar i faglege føresetnader. Dei vidaregåande skulane har erfart at det er krevjande å få til god opplæring i gruppene. Det er mange av elevane som har vanskar med å fullføre vidaregåande opplæring. Særleg faget engelsk er krevjande for mange av elevane på vg1. Det er av den grunn ønskjeleg å halde på ei øvre grense på 10 elevar i kvar innføringsgruppe.

#### EGF:

Tilbodet skal være for ungdomar i aldersgruppa 16-20 år, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje, med unntak av dei som har fullført vidaregåande opplæring i heimlandet.

Elevane skal få undervisning i fem fag etter læreplanane for grunnskulen. Dette gjeld norsk (10 t/v), engelsk (6 t/v), matematikk (4 t/v), naturfag (3t/v) og samfunnsfag (4t/v). EGF strekker seg over eitt år og avsluttast med grunnskuleeksamen. Elevane vil få dokumentasjon på grunnskuleopplæring med karakter, og kan på lik linje med andre konkurrere seg inn til vidaregåande opplæring. Det kan vere vanskeleg å poengrekne søkjarar til vidaregåande opplæring som kjem med dokumentasjon på allmenn grunnopplæring i utlandet. Fylkesdirektøren ser difor det som ein stor fordel for inntaket til vidaregåande opplæring at elevane på EGF får grunnskuleopplæring med karakterar.

Dette er ein vesentleg skilnad frå dei andre innføringstilboda der ein ikkje får ny formell kompetanse. EGF-tilbodet gir elevane ein reel moglegheit til å kunne velje utdanningsprogram på vidaregåande. I tillegg er erfaringane at føresetnadane for å bestå vg1 engelsk er betre etter EGF-tilbodet enn etter eit ordinært innføringstilbod.

Ut i frå erfaringar på Flora vidaregåande skule er det ønskjeleg med maksimalt 12 elevar i kvar gruppe.

#### **Økonomiske konsekvensar**

Fylkesdirektøren si vurdering er at kostnaden ved det samla innføringstilbodet skuleåret 2016-2017 vil kunne finansierast innanfor den økonomiske ramma på teneste 5620 Tilpassa opplæring. Rapportering frå kommunane når det gjeld tal flyktningar og asylsøkjarar i målgruppa viser at uvissa er stor når det gjeld behovet for opplæring frå 2017. Eventuelt behov for auke i dei økonomiske rammene i økonomiplanperioden må handsamast i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

### **3. Konklusjon**

Med bakgrunn i erfaring frå innføringstilbod både her i fylket og nasjonalt, og ein auke i tal flyktningar og asylsøkjarar, ber fylkesdirektøren om at fylkesrådmannen får fullmakt til å lyse ut

og setje i gang innføringsgrupper og EGF-grupper ut i frå avtalar med kommunane og behovet for opplæring.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)